

Informasjon til føresette og ungdommar om ungdataundersøkinga i Hordaland 2019

I 2019 blir ungdataundersøkinga gjennomført i Hordaland blant elevar i den vidaregåande skulen. For at undersøkinga skal gje eit godt bilete av situasjonen i Hordaland, er det viktig at så mange som mogleg deltek.

HER FÅR DU INFORMASJON OM:

- **FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA**
- **KVA VI SPØR OM**
- **KORLEIS UNDERSØKINGA BLIR GJENNOMFØRT**
- **TID OG STAD FOR UNDERSØKINGA**
- **FRIVILLIGHEIT OG PERSONVERN**
- **KONTAKTINFORMASJON**

FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA

- Gje ungdommar som går på vidaregåande skule i Hordaland ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i lokalmiljøet.
- Skaffe ny kunnskap om ungdommen sine oppvekstvilkår til bruk i kommunen og fylket sitt arbeid med denne aldersgruppa.
- Gjere det mogleg å samanlikne fylket med andre fylke og nasjonale tal, og bidra til forskning.

KORLEIS BLIR UNGDATA GJENNOMFØRT?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein loggar seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode.

KVA VI SPØR OM I UNGDATA

- Forhold til skulen, venner og foreldre
- Fritid og fritidsaktivitetar
- Helse, trivsel og livskvalitet
- Mobbing
- Seksualitet
- Regelbrot, vald, rusmiddelbruk
- Utdanningsnivået, den økonomiske situasjonen, landbakgrunnen og busituasjonen til foreldra

Du kan få tilsendt det fullstendige spørjeskjemaet ved å kontakte Kompetansesenter rus - region vest Bergen (KoRus Vest Bergen).

TID OG STAD FOR UNDERSØKINGA

Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av veke 5 til 8.

DET ER FRIVILLIG Å DELTA

- Undersøkinga er frivillig, og dei som svarer, kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på.
- Føresette kan reservere seg mot at barna deira skal delta ved å gje melding til kontaktlæraren.

PERSONVERN

- Deltakarane sine svar vil bli behandla konfidensielt. Det vil seie at berre forskarar og rådgjevarar i prosjektet og firmaet som registrerer dei elektroniske svara, vil få tilgang til svara.
- Det vil ikkje vere mogleg å kjenne att nokon som har svart når resultatata frå undersøkinga blir offentleggjorde.
- Forskingsdata som inneheld moglege indirekte personopplysningar, vil bli oppbevarte på eit sikkert område fram til utgangen av 2023. Etter det vil alle opplysningane bli anonymiserte.
- Ungdataundersøkinga er godkjend av personvernombudet ved OsloMet (personverombudet@oslomet.no).
- Datasettet vil ikkje innehalde direkte personopplysningar, og det vil difor heller ikkje vere mogleg å få ein deltakar sine data retta eller sletta i etterkant av undersøkinga.
- NOVA behandlar opplysningane basert på samtykke frå deltakarane.

ANSVARLEGE FOR UNDERSØKINGA.

Undersøkinga blir gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og KoRus Vest Bergen på oppdrag frå Hordaland.

KONTAKTINFORMASJON

Kontaktperson i fylket: Seniorrådgivar Venke Barrikmo tlf: 969 42 919, e-post: venke.barrikmo@hfk.no. Kontaktperson ved KoRus: Psykologspesialist Erik Iversen tlf: 559 08 634/916 64 069, e-post: erik.iversen@bergensklinikkene.no.